



**DELEGASJONSREGLEMENT  
FOR  
VIK KOMMUNE**

Vedteke av kommunestyret 10.11.2008 i sak 79/08.  
Endring/tilføyning vedteke i kommunestyret 23.9.2009 i sak 35/09.

## **Del 1. Vedtak og prinsipielle utgangspunkt.**

### **1. Lovgrunnlag, mål og overordna prinsipp:**

#### **1.1. Vedtak:**

Kommunestyret gjorde i sak 79/08 slikt vedtak:

- 1. Med heimel i kommunelova § 6 får Formannskapet delegert mynde i samsvar med vedlagde "Delegasjonsreglement for Vik kommune".*
- 2. Med heimel i kommunelova § 23 nr 4 delegerer Kommunestyret kommunen sin avgjerdsrett til rådmannen etter dei lover og reglement som går fram av vedlagde "Delegasjonsreglement for Vik kommune".*
- 3. Rådmannen får delegert mynde til å ta avgjerd i einskildsaker eller type av saker som ikkje er av prinsipiell karakter med dei avgrensingar som går fram av reglementet.*
- 4. Andre reglement blir å endra i samsvar med vedlagde reglement.*

#### **1.2. Lovgrunnlaget:**

Etter kommunelova av 1992 er alt mynde lagt til Kommunestyret.

Lov om kommunar og fylkeskommunar:

§ 6:

*Kommunestyret og fylkestinget er de øverste kommunale og fylkeskommunale organer. De treffer vedtak på vegne av kommunen eller fylkeskommunen så langt ikke annet følger av lov eller delegasjonsvedtak.*

§ 23 punkt 4:

*Kommunalt og fylkeskommunalt folkevalgt organ kan gi administrasjonssjefen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.*

#### **1.3. Politisk organisering.**

Som fylgje av vedtaket i Kommunestyret, sak 24/08 har Vik kommune med verknad frå 28.4.2008 fått ny politisk styringsmodell som består av:

- kommunestyre           17 medlemar
- formannskap            5 medlemar

I tillegg skal kommunestyret kunne oppnemna mellombelse sakskomitèar eller "ad-hoc utval" med klåre mandat.

I samsvar med Hovudavtalen skal det opprettast eit partssamansett utval, administrasjonsutvalet, for handsaming av saker som vedkjem tilhøvet mellom kommunen

som arbeidsgjevar og dei tilsette. Administrasjonsutvalet har 7 medlemar, der 2 av desse er utpeika av arbeidstakarorganisasjonane.

Kommunestyret har vidare gjort vedtak om at Kontrollutvalet skal ha 5 medlemar.

Medlemene til Kontrollutvalet skal veljast mellom medlemene, eller varamedlemene til Kommunestyret.

#### **1.4. Hovudprinsipp for delegering:**

Etter kommunelova av 1992 er alt mynde lagt til Kommunestyret. Kommunestyret kan delegera sitt mynde til andre politiske organ eller til rådmannen, med mindre det er lovbestemt at mynde ikkje kan delegerast.

#### **1.5. Målsetjing:**

Målsetjing med delegert mynde er å gjera arbeidsform og vedtaksprosessar tenlege og effektive. Ved å delegera mynde til å ta avgjerd i kurante saker, der avgjerda følgjer direkte av lov, føresegn eller frå kommunen sin eigne vedtak, får administrasjonen frigjort tid som kan nyttast til å:

- gje betre tenester til innbyggjarane.
- ta raskare avgjerd i einskildsaker slik innbyggjarane forventar.
- betre tilrettelegging av prinsipp saker, skjønnsprege saker og andre spørsmål som må handsamast av politisk organ.
- betre utnytting av administrative ressursar.

## **2. Definisjonar:**

### **Organ:**

Eit organ er definert som kommunestyre, formannskap, eit politisk utval, ein komité eller rådmannen.

### **Delegering:**

Overføring av mynde frå eit organ til eit anna. Det rettslege innhaldet i eit delegeringsvedtak er at den ein delegerer til kan treffa avgjerd innan vedtaket sine rammer på vegne av det delegerande organet.

Delegering av mynde medfører *ikkje* at det delegerande organet gjev frå seg mynde eller ansvar på vedkomande område. Den som delegerer mynde kan når som helst ta tilbake det mynde som er delegert.

### **Kurante saker:**

Avgjerder som meir eller mindre fylgjer av lov, føresegn/regelverk eller kommunen sine eigne vedtak og ut frå dette har liten grad av skjønn, vert rekna som kurante saker. Sakene må ikkje ha økonomiske konsekvensar utover dei økonomiske rammene for planlagt aktivitet.

### **Prinsipielle saker:**

- avgjerd som treng ei breiare skjønnsmessig vurdering.
- avgjerd der det er politiske vurderingar eller prioriteringar.
- avgjerd der ein innleiar ein ny praksis.
- avgjerd som medfører økonomiske konsekvensar utover planlagt aktivitet.

Dersom det er uklårt om ei sak er prinsipiell eller kurant, skal rådmannen avklara dette med ordførar. Dei avklaringar som vert gjort, utviklar ein praksis som supplerer reglane i delegasjonsreglementet.

### **3. Hovudprinsipp for fordeling av mynde:**

#### **3.1. Kommunestyre:**

- Vedtaksmynde i overordna saker.
- Vedtaksmynde ved fordeling av ressursar mellom dei ulike sektorane.
- Vedtaksmynde i reglement som er vesentleg for prioritering av tenesteproduksjonen.
- Vedtaksmynde i reglement for politisk styringssystem.
- Vedtaksmynde i alle prinsipielle saker som ikkje er positivt delegert.
- Vedtaksmynde i reglement/hovudprinsipp for kommunale tilskotsordningar.

#### **3.2. Formannskap:**

- Økonomiutval.
- Vedtaksmynde ved prinsipielle saker innanfor tenestetilbod og å definera nivå på kommunen sine tenester.
- Vedtaksmynde ved prinsipielle saker innanfor gjeldande driftsbudsjett.
- Vedtaksmynde i einskildsaker innanfor forvaltninga der saka enten er prinsipiell eller ikkje er delegert til rådmannen.
- Vedtaksmynde i prinsipielle saker etter særlover.
- Vurdera utvikling av dei ulike tenestetilboda.
- Vedtaksmynde som fast utval for plansaker.
- Vedtaksmynde av nærings saker og prinsipielle tilskotssaker innanfor næring, jordbruk m.m.
- Normalt gjera framlegg til vedtak i saker som skal til Kommunestyret. Ordføraren kan velja å la saker gå direkte til Kommunestyret utan handsaming i Formannskapet på førehand.
- Vedtaksmynde som valstyre.
- Vedtaksmynde som viltmemnd.

#### **3.3. Rådmannen:**

Det er berre Kommunestyret som kan delegera til administrasjonen. Når det vert delegert til administrasjonen, blir fullmakta alltid lagt til rådmannen. Dette med nokre få unntak der det i særlover spesifikt blir sagt at eventuell delegering skal leggast til andre fagfunksjonar.

Delegasjonsreglementet legg til grunn prinsippet om at alle einskildsaker i første hand skal avgjerast av administrasjonen. Det er ein føresetnad at desse sakene er kurante, d.v.s at dei har klare føringar enten i form av lov, føresegner, reglement eller vedtak.

Sakene må også kunna handsamast innanfor budsjetterte rammer.

#### **Myndet til rådmannen kan samanfattast slik:**

- Vedtaksmynde i kurante saker, med unntak av der Kommunestyret gjennom reglement eller positivt har lagt mynde til politiske organ.

- Vedtaksmynde i alle saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og den einskilde tilsett, inkludert oppretting/nedlegging av stillingar og tilsetjing/oppseiing/avskjed/suspensjon.
- Mynde til å disponera budsjett innanfor kvart tenesteområde.
- Mynde til å inngå innkjøps- og driftsavtaler innanfor normal drift.
- Rådmannen har ikkje høve til å handsama saker som ikkje er kurante. Rådmannen kan då:
  - leggja dei fram for Formannskapet.
  - trekkja ut dei prinsipielle spørsmåla og leggje dei fram for politisk handsaming før einskildsaka vert avgjort administrativt.

### **3.4. Klagenemnd:**

Formannskapet er klagenemnd etter forvaltningslova § 28. Er Formannskapet underutval i ei klagesak, vil Kommunestyret tre inn som klagenemnd.

Tre av Formannskapet sine medlemmer er klagenemnd etter lov om kommunehelsetenesta.

### **3.5. Saksgang – prinsipielle saker:**

Ordføraren skal fastsetja saksgangen for prinsipielle saker.

### **Administrativt delegasjonsreglement:**

Kommunestyret delegerer mynde direkte til rådmannen. Kommunestyret føreset at det blir utarbeida eit eige reglement for delegering av mynde internt i administrasjonen.

### **3.6. Generelt:**

- All delegering frå Kommunestyret føreset budsjettmessig dekning innanfor kvart tenesteområde.
  - Delegert mynde skal utøvast i samsvar med gjeldande sakshandsamingsreglar som fylgjer av lover, forskrifter, reglement og god forvaltningsskikk.
  - Det organ som utøver delegert mynde, har til ei kvar tid ansvaret for at mynde er innanfor gjeldande lov, forskrift, reglement og overordna vedtak.
  - Eit organ med vedtaksmynde kan, så lenge det ikkje er hinder som er fastsett i lov, retningsliner eller i overordna vedtak, delegera mynde vidare til andre.
  - Eit organ med vedtaksmynde kan på eige initiativ gjera om eige eller underordna organ sine vedtak. Slik omgjering må gjerast i samsvar med fvl. § 35.
  - Delegert mynde kan når som helst trekkjast attende. Eit overordna organ som har mynde kan krevja å få ei sak til avgjerd, jfr. kommunelova § 60 nr.1.
  - Det organ som har fått mynde, kan i særskilde høve be overordna organ om å gjera vedtak.
- Overordna organ kan instruera den som har fått delegert mynde til å nytta dette.

#### 4. Politisk valde nemnder og utval:

Desse politiske nemnder og utval m.m. er valde for perioden 2007 – 2011:

Formannskapet	Oppnemningsutval for
Administrasjonsutval (partsamansett)	konfliktrådsmedlemar
Ungdomsråd	Medlemar til BKK sitt viltfond
Fast utval for plansaker	KS sin lokale avdeling
(Formannskapet)	Politiråd
Eldreråd	Skjønnsmenn
Råd for funksjonshemma	Meddomarar
Kontrollutval	Heimevernsmnd
Forliksråd	Sivilforsvarsmnd/beredskapsråd
Overformynderi	Styret for Vik ASVO
Skattenemnd	Styret for Vik Industrihus
Sakkunnig takstnemnd for	(Formannskapet)
eigedomsskatt	Vilt- og innlandsfiskemnd
Klagenemnd for eigedomsskatt	(Formannskapet)
Arbeidsmiljøutvalet (partsamansett)	Klagenemnd etter Lov om
Villreinnemnd for Fjellheimen	kommunehelsetenesta (3 frå
Felles villreinnemnd for Nordfjella	Formannskapet)
og Fjellheimen	
Forstandarskapsmedl. Vik Sparebank	

## **Del 2. Delegasjonsreglementet.**

### **2.1 Retningslinjer:**

#### *2.1.1 Generelt:*

Det er ein føresetnad at kommunestyret skal handsame saker dersom det i lov er fastslege, eller det er grunn til å hevda at kommunestyret må avgjera saka, eller at saka sin art tilseier at kommunestyret sjølv må avgjera saka.

#### *2.1.2 Budsjett:*

All delegasjon frå kommunestyret føreset budsjettmessig dekning innanfor kvart tenestoområde sine rammer.

#### *2.1.3 Unntak:*

Når det vert delegert frå politiske organ til administrasjonen, går denne delegasjonen alltid til rådmannen. Dette med unntak av der det i særlover spesifikt seier at eventuell delegasjon skal leggjast til reine fagfunksjonar.

#### *2.1.4 Tvilstilfelle:*

I tvilstilfelle om ei sak er kurant eller ikkje kan rådmannen:

- avklare dette med ordførar.
- leggja saka fram for formannskapet som ei einskildsak
- trekkja ut dei prinsipielle spørsmåla og leggje dei fram for politisk handsaming før einskildsaka vert avgjort administrativt.

#### *2.1.5 Sakshandsaming:*

All delegert mynde skal utøvast i samsvar med dei sakshandsamingsreglar som fylgjer av lover, forskrifter, reglement og god forvaltningsskikk, og elles innanfor plan- og budsjettammer som er fastsett av kommunestyret eller anna overordna organ.

Det organ som utøver delegert mynde, har til ei kvar tid ansvaret for at myndet er innanfor gjeldane lov, forskrift, reglement og overordna vedtak.

#### *2.1.6 Vidaredelegering:*

Eit organ med vedtaksmynde kan, så lenge det ikkje er hinder som er fastsett i lov, retningslinjer eller i overordna vedtak, vidaredelegere mynde.

#### *2.1.7 Intern delegasjon:*

For delegering av mynde internt i administrasjonen skal det utarbeidast eige reglement.

#### *2.1.8 Omgjering av vedtak:*

Eit organ med vedtaksmynde kan på eige initiativ gjere om eige eller underordna organ sine vedtak, jf. Forvaltningslova § 35.

#### *2.1.9 Mindretalsanke:*

I saker der formannskapet har fått delegert mynde frå kommunestyret, kan 2 medlemmer eller ordførar før møtet er slutt, krevje saka lagt fram for kommunestyret.

### 2.1.10 Tilbaketrekking av delegert mynde:

Delegert mynde kan når som helst trekkjast attende. Eit overordna organ som har mynde, kan krevja å få ei sak til avgjerd, [jf. Kommuneleva § 60 nr. 1](#).

### 2.1.11 Handsaming av overordna organ:

Det organ som har fått mynde, kan i særskilte høve be overordna organ om å gjere vedtak. Overordna organ kan instruere den som har fått delegert mynde, til å nytte dette.

### 2.1.12 Andre reglement:

I tillegg til delegasjonsreglementet vil rådmannen sin avgjerdsrett vere heimla og avgrensa i andre reglement:

Økonomireglement

Fginansreglement

Tilsetjingsreglement

Andre personalreglement

m.m.

## Lov og regelverk:

1. Kommuneleva
2. Vallova
3. Budsjett- og rekneskapsføresegnene
4. Forvaltningslova
5. Målbrukslova
6. Likningslova
7. Straffelova
8. Skjønnsprosesslova
9. Skattelova
10. Skattebetalingslova
11. Industrikonsesjonslova
12. Vassdragsreguleringslova
13. Lov om vassdrag og grunnvatn
14. Tinglysningslova
15. Eigedomsskattelova
16. Lov om mellombels tillegg til eigedomsskattelova
17. Domstolslova
18. Serveringslova
19. Konesesjonslova
20. Odelslova
21. Jordlova
22. Beitelova
23. Skogbrukslova
24. Viltlova
25. Naturvernlova
26. Motorferdsel i utmark og vassdrag
27. Drikkevassforskrifta
28. Kommunale vass- og kloakkavgifter
29. Forureiningslova
30. Friluftsløva
31. Hundelova
32. Lov om hundehald
33. Lov om film og videogram
34. Lov om folkebibliotek
35. Opplæringslova
36. Barnehagelova
37. Sosialtenestelova
38. Husbanklova
39. Kommunehelsetenestelova
40. Lov om kommunale eldreråd
41. Barnevernslova
42. Alkohollova
43. Plan- og bygningslova
44. Eigarseksjonslova
45. Brann- og eksplosjonsvernlova
46. Veglova
47. Vegtrafikklova
48. Yrkestransportlova
49. Forpaktingslova
50. Lov om stadnamn
51. Tobakkskadelova
52. Føresegn om miljøretta helsevern i skular og barnehagar
53. Delingslova
54. Laksefiske og innlandsfiskeleva
55. Arbeidsmiljølova / Personal
56. Hovudavtale for kommune og stat
57. Økonomi
58. Adopsjonslova
59. Lov om trussamfunn
60. Lov om vern mot smittsame sjukdomar
61. Grannelova
62. Lov om hamner og farvatn
63. Kyrkjer, kremasjon og gravferd
64. Matlova
65. Lov om produktkontroll
66. Helsemessig og sosial beredskap
67. Forskrift om forliksråd
68. Ymse fullmakter

## 2.1 Delegeringsoversyn:

Nr	LOV/FØRESEGN	Høve til delegering	Delegert til
1.	2.2.1 KOMMUNELOVA AV 25.09.92		
	<b>Kapittel 2: Kommunale organ</b>	Nei	
	<a href="#">§ 7 nr. 3 Medlemstal i kommunestyret</a>		
	<a href="#">§ 8 nr. 1 Val av formannskap</a>	Nei	
	§8 nr. 3 Handsaming av forslag til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak	Nei	Formannskapet gjev tilråding
	<a href="#">§ 9 nr. 1 Val av ordførar og varaordførar</a>	Nei	
	<a href="#">§ 9 nr. 3</a> Mynde til å underteikne på kommunen sine vegner : - når vedtakskompetansen er delegert til rådmannen	Ja	Rådmannen
	<a href="#">§ 10 nr. 1, 2, og 3</a> Oppretting av faste utval / komitèar Fastsetjing av dei faste utvala sitt mynde Val av faste medlemmer og varamedlemmer til faste utval	Nei Nei Nei	
	<a href="#">§ 13</a> Utvida mynde i hastesaker	Ja	Formannskap
	§ 15 - Fast fritak frå verv - Fritak for eit kortare tidsrom (inntil 6 mnd) på politiske verv - Suspensjon frå verv	Nei Ja Nei	Ordførarar
	<b>Kapittel 3:</b> - Innføring av parlamentarisme	Nei	
	<b>Kapittel 4: Kommunen sin administrasjon</b> - <a href="#">§ 22 Tilsetjing av administrasjonssjef</a>	Nei	
	- § 23, nr 4 Avgjerdsmynde i einskildsaker eller type saker som ikkje er av prinsipiell betydning	Ja	Rådmannen
	- § 24, nr 3 tilsetjing på åremål	Nei	
	- § 26Retningsliner for møteretten til dei tilsette i nemnder	Nei	
	<b>Kapittel 5: Interkommunalt samarbeid</b> - § 28 Overtaking av tariffmynde	Nei	
	<b>Kapittel 6: Sakshandsamingsreglar</b> - § 30, nr 3 Reglar for føring av møtebøker	Nei	
	- § 39, nr 1: Reglar for sakshandsaming i folkevalde organ	Nei	
	<b>Kapittel 6 A: Innbyggjarintiativ</b> - § 39a Innbyggjarintiativ	Nei	
	<b>Kapittel 7: Folkevalde sine rettar og plikter</b> - § 42 Godtgjersle for kommunale tillitsverv	Nei	
	<b>Kapittel 8: Økonomiplan, budsjett og rekneskap</b> - § 44, nr 6: Økonomiplanvedtak	Nei	
	- § 45, nr 2: Årsbudsjettvedtak	Nei	

	§ 48, nr 3 og 4 Avsetjing i årsbudsjettet til bruk i seinare år	Nei	
--	--	-----	--

1.	KOMMUNELOVA AV 25.09.92	Høve til delegering	Delegert til
	<b>Kapittel 9: Gjeld</b> § 50 (Opptak av lån) - Vedtak om opptak av lån - Tidspunkt for å setje i verk opptak av lån - Godkjenning av lånevilkår / nye lån og refinansiering - Opptak av konverteringslån utan utviding av lånesummen	Nei Ja Ja Ja	Rådmannen Rådmannen Rådmannen
	§ 51 (Garantiforpliktingar) - Vedtak om total ramme - Vedtak om øvre grense - Vedtak om einskildgarantiar	Nei Nei Ja	Rådmannen
	<b>Kapittel 11: Kommunale foretak</b> - § 62 Oppretting av kommunalt foretak - § 63 Vedtekter (jamfør § 69) - § 65, nr 3 og nr 4 Styret si samansetjing - § 66, nr 3 Valperioden (nyvalg) - §§ 72, nr 1 og nr 2 Tilhøvet til kommunen sin administrasjon (instruksjonsmynde)	Nei Nei Nei Nei Ja	Rådmannen
	<b>Kapittel 12: Internt tilsyn og kontroll. Revisjon</b> § 77, nr. 1 Val av kontrollutval	Nei	
2.	2.2.2 VALLOVA AV 01.03.85 NR. 3		
	- <a href="#">§ 4 -1 Valstyret</a>	Nei	
	- <a href="#">§ 4 – 2 Røystestyre</a> - Val av medlemmer/varamedlemmer til røystestyret	Ja	Formannskapet
3.	2.2.3 FORSKRIFT FOR KOMMUNALE OG FYLKESKOMMUNALE BUDSJETT OG REGNSKAP AV 15.12.2000 nr 1423 og 1424		
	- § 10 Vedtak av årsrekneskap	Nei	
	- Driftsbudsjettvedtak ned til rammeområde (funksjon) - Investeringsbudsjettvedtak - Vedtak av budsjett for interkommunal samanslutning - Vedtak om delegeringsreglement	Nei Nei Nei Nei	
4.	2.2.4 FORVALTNINGSLOVA AV 10.02.67		
	- <a href="#">§ 28, 2. ledd Klageinstans ved enkeltvedtak</a>	Ja	Formannskapet
5.	2.2.5 MÅLBRUKSLOVA AV 11.04.80 NR. 24		
	<a href="#">§ 5 Fastsetjing av målform for den kommunale administrasjonen</a>	Nei	
6.	2.2.6 LIKNINGSLOVA AV 13.06.80 NR. 24		
	- § 2-1, nr. 2 Val av medlem til likningsnemnda	Nei	
7.	2.2.7 STRAFFELOVA AV 22.05.1902 NR. 10		
	Krav om offentlig påtale i saker der kommunen er part	Ja	Rådmannen
8.	2.2.8 SKJØNNSPROSESSLOVA AV 01.06.17		

	- § 14 Forslag til skjønsmenn	Nei	
9.	2.2.9 SKATTELOVA AV 26.03.99 NR 14	Høve til delegering	Delegert til
	- § 1 – 2 Fastsetjing av skattesats	Nei	
10.	2.2.10 SKATTEBETALINGSLOVA AV 25.11.52 NR. 2		
	- <a href="#">§ 41 Om ettergjeving av skatt</a>	Ja	Formannskapet
	- <a href="#">§ 41</a> Ettergjeving av skatt inntil 50.000 kr	Ja	Formannskapet
	- § 42, 1. og 2. ledd: oppnemning av skatteutval	Ja	Formannskapet
11.	2.2.11 INDUSTRIKONSESJONSLOVA AV 14.12.17		
	- <a href="#">§ 2 nr. 13</a> , 6. ledd og § 5 nr. 2 Bruk av konsesjonskraftmidlar	Ja	
	- § 24, 4. ledd Uttale om konsesjonssøknad	Nei	
12.	2.2.12 VASSDRAGSREGULERINGSLOVA AV 14.12.17		
	- <a href="#">§ 4 nr. 1</a> , 2. ledd Uttale om reguleringssøknad	Nei	
	- <a href="#">§ 11, nr. 2</a> , 2. ledd: Bruk av konsesjonskraftmidlar	Ja	
	- Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter		Rådmannen
13.	2.2.13 LOV OM VASSDRAG OG GRUNNVATN AV 24.11.2000		
	- Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Ja	Rådmannen
14.	2.2.14 LOV OM TINGLYSING AV 07.06.35 NR. 2		
	- § 38b Høve til å krevje grunnboksheimel til veg som kommunen eig	Ja	Rådmannen
15.	2.2.15 LOV OM EIGEDOMSSKATT TIL KOMMUNANE AV 06.06.75 NR. 29		
	- § 2 Vedtak om eigedomsskatt i kommunen	Nei	
	- § 7 Fritak frå eigedomsskatt	Nei	
	- § 10 Satsar for eigedomsskatt	Nei	
16.	2.2.16 LOV OM MELLOMBELS TILLEGG TIL LOV OM EIGEDOMSSKATT TIL KOMMUNANE AV 17.12.82 NR. 82		
	- Vedtak om auke av taksten	Nei	
17.	2.2.17 LOV OM DOMSTOLANE AV 13.08.15 NR. 5		
	- § 27 Val av forliksråd	Nei	
18.	2.2.18 SERVERINGSLOVA AV 13.06.97 NR. 55		
	- § 3 Løyve	Ja	Rådmannen
	- § 13 Kontroll av serveringsstad	Ja	Rådmannen
	- § 15 Unntak frå gjeldande opningstider	Ja	Rådmannen
	- § 18 Suspensjon av løyve	Ja	Rådmannen
	- § 19 Tilbakekalling av løyve	Ja	Formannskap
	- § 22 Overdraging av serveringsløyve	Ja	Rådmannen

19.	2.2.19 LOV OM ERVERV AV FAST EIGEDOM (KONSESJONSLOVA) AV 28.11.2003	Høve til delegering	Delegert til
	- Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Ja	Rådmannen
	- § 2, jamfør og kap. 4, søknader om erverv av fast eigedom og vilkår for konsesjon	Ja	Formannskapet
	- § 5, siste ledd jf. og § 11. Søknad om fritak frå bu- og driveplikta utover 3 år og andregongssøknad	Ja	Formannskapet
	- § 16 Tilbaketrekking av konsesjon	Ja	Formannskapet
20.	2.2.20 ODELSLOVA AV 28.06.74 NR. 58		
	- Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Ja	Rådmannen
	- § 27a. Søknad om fritak frå bu- og driveplikt utover 3 år og andregangssøknad	Ja	Formannskapet
21.	2.2.21 JORDLOVA AV 12.05.95 NR. 23		
	- Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Ja	Rådmannen
	- § 8 Vern av dyrka mark. Vanhevd.	Ja	Formannskapet
	- § 12 Saker som gjeld deling av driftseining.	Ja	Formannskapet
	- § 18 Tildeling av SMIL-midlar	Ja	Rådmannen
	- Forskrift om nydyrking der det kjem inn innvendingar frå høyringsinstansane	Ja	Formannskapet
22	2.2.22 BEITELOVA AV 16.06.1961		
	- Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Ja	Rådmannen
23.	2.2.23 SKOGBRUKSLOVA AV 21.05.65		
	- Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Ja	Rådmannen
	- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar der det kjem innvendingar frå høyringsinstansane	Ja	Formannskapet
24.	2.2.24 VILTLOVA AV 29.05.81 NR. 38		
	- Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Ja	Rådmannen
	- § 16 Fastsetjing av minsteareal for fellingsløyve	Ja	Formannskapet
	- § 37 Samanslåing ti felles viltområde	Ja	Formannskapet
	- § 38 Samanslåing for å oppnå minsteareal for storviltjakt	Ja	Formannskapet
	- Forskrift om kommunale viltfond og fellingsgebyr. Retningsliner for bruk av fondet		Formannskapet gjev tilråding til kommunestyret.
25.	2.2.25 LOV OM NATURVERN AV 19.06.70 NR. 63		
	- Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Ja	Rådmannen

26.	2.2.26 LOV OM MOTORFERDSEL I UTMARK OG VASSDRAG AV 10.06.77 NR. 82		
	- Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter - § 5 Gje forskrift med heimel i lova (luftfartøy) T-rundskriv 1/96. Utfyllande retningsliner for bruk av snøscooter i utmark	Ja	Rådmannen  Formannskapet gjev tilråding til kommunestyret
27.	2.2.27 DRIKKEVASSFORSKRIFTA, ETTER NÆRINGSMIDDELLOVA OG KOMMUNEHELSESTENESTELOVA AV 19.05.33		
	- § 8-10 Godkjenning av vassverk	Nei	
28.	2.2.28 LOV OM KOMMUNALE VASS- OG KLOAKKAVGIFTER av 31.05.1974 NR 17		
	- Forskrift for vatn og kloakkavgifter - Fastsetjing av vass- og kloakkavgifter - Hovudplan for vatn - Hovudplan for avløp - Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Nei Nei Nei Nei Ja	Rådmannen
29.	2.2.29 FORUREININGSLOVA AV 13.03.81 NR. 6		
	- Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Ja	Rådmannen
	- §§ 73, 3. ledd, 79, 3. ledd Krav om påtale	Ja	Formannskapet
30.	2.2.30 LOV OM FRILUFTSLIVET AV 28.06.57 NR 16		
	- Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Ja	Rådmannen
31.	2.2.31 HUNDELOVA AV 01.01.04		
	- Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Ja	Rådmannen
32.	2.2.32 LOV OM HUNDEHALD AV 27.06.03 NR. 74		
	- § 6 Forskrift om bandtvang - § Forskrift om hundehald av omsyn til ro og orden		Formannskapet gjev tilråding til kommunestyret
33.	2.2.33 LOV OM FILM OG VIDEOGRAM AV 15.05.87 NR. 21		
	- § 2, 1. ledd Kommunalt løyve	Ja	Rådmannen
34.	2.2.34 LOV OM FOLKEBIBLIOTEK AV 20.12.85 NR. 108		
	- § 4 Fastsetjing av reglement	Ja	Formannskapet

35.	2.2.35 LOV OM GRUNNSKULEN VIDAREGÅANDE OPPLÆRING AV 09.06.98 NR. 61	Høve til delegering	Delegert til
	<b>Kapittel 2: Grunnskulen</b> - § 2-1 Rett og plikt til grunnskuleopplæring - Utsett skulestart - Offentleg påtale og bøter når foreldra held borna borte frå skulen - Fritak for obligatorisk undervisning	Ja Ja Ja	Rådmannen Formannskapet Rådmannen
	§ 2-2 Omfanget av grunnskuleopplæring i tid - Skuleruta, ferie, fridagar	Ja	Rådmannen
	- § 2-3a Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringa	Ja	Rådmannen
	- § 2-5 Målformer i grunnskulen	Nei	
	- § 2-6 Teiknspråkopplæring	Ja	Rådmannen
	- § 2-9 Ordensreglement og liknande	Ja	Rådmannen
	- § 2-11 Gi einskildelevar fri inntil 2 veker	Ja	Rådmannen
	<b>Kapittel 4: Vidaregåande opplæring i bedrift</b> - § 4-3 Godkjenning av lærebedrift (søknad om) - § 4-4 Rettane og pliktene til lærebedrifta - Lærlingtilskot (krav om utbetaling) - § 4-5 Lærekontrakt - § 4-6 Endring og heving av lærekontrakt	Ja Ja Ja Ja Ja	Rådmannen Rådmannen Rådmannen Rådmannen Rådmannen
	<b>Kapittel 4A : Opplæring spesielt organisert for vaksne</b> - § 4A-2 Rett til spesialundervisning på grunnskulen sitt område (jamfør § 13-1) - § 4 A-4 Kommunen si plikt til å sørge for grunnskuleopplæring for vaksne (jamfør § 13-1) - § 4A-9 Bortvising av vaksne	Ja Ja Ja	Rådmannen Rådmannen Rådmannen
	<b>Kapittel 5 Spesialundervisning</b> - § 5-1 Rett til spesialundervisning - § 5-7 Spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder - § 5-6 Pedagogisk psykologisk teneste	Ja Ja Ja	Rådmannen Rådmannen Rådmannen
	<b>Kapittel 7: Skyss og innlosjering</b> (jamfør § 13-4)	Ja	Rådmannen
	<b>Kapittel 8: Skolen</b> - § 8-1 Individuelle søknader om å gå på annan skule - § 8-2 Flytting av elev til annan skule	Ja Ja	Rådmannen Rådmannen
	<b>Kapittel 10 Personalet i skulen</b> - § 10-8 Kompetanseutvikling - § 10-9, 2. ledd (krav om politiattest for andre)	Ja Ja	Rådmannen Rådmannen
	<b>Kap 11 Organ for brukarmedverknad i skulen</b> - § 11 – 1 Val av kommunal representantar i SU	Ja	Formannskapet
	<b>Kapittel 13: Ansvar til kommunen</b> § 13.6 Musikk- og kulturskuletilbod § 13-7 Skulefritidsordninga § 13-10 Ansvarsomfang (forsvarleg system for vurdering)	Ja Ja Ja	Rådmannen Rådmannen Rådmannen

36.	2.2.36 LOV OM BARNEHAGAR AV 05.05.95 NR. 19	Høve til delegering	Delegert til
	<b>Kapittel III: Ansvar og mynde</b> - § 7 Kommunen sitt ansvar - § 7a Samordna opptak - § 7b Tilskot til privat barnehagar	Nei Ja Ja	Rådmannen Rådmannen
	- § 8 Godkjenning av barnehagar og forvaltning av statstilskot til private barnehagar - § 8a Kommunens plikt til å føre register (kontantstøtte)	Ja Ja	Rådmannen Rådmannen
	- § 9 Barn med funksjonshemming	Ja	Rådmannen
	- § 10 Tilsyn med barnehagar	Ja	Rådmannen
	- § 11a Kontantstøtte – barnehageeigar si opplysningsplikt	Ja	Rådmannen
	<b>Kapittel IV: Godkjenning og vedtekter:</b> - § 12 Godkjenning - § 15 Vedtekter	Ja Ja	
	<b>Kapittel V: Personalet</b> - § 16 Dispensasjon frå utdanningskrav (styrar) - § 17 Dispensasjon frå utdanningskrav (pedagogiske leiarar) - § 20 Politiattest (for andre)	Ja Ja Ja	Rådmannen Rådmannen Rådmannen
	<b>Kapittel VII Ymse :</b> - § 24 Øvingsopplæring	Ja	Rådmannen
37.	2.2.37 SOSIALTENESTELOVA AV 13.12.91 NR 81		
	<b>Kapittel 2: Ansvarsfordeling og administrasjon</b> - § 2-1, 2. ledd - internkontroll	Ja	Rådmannen
	<b>Kapittel 3: Sosialtenesta sine generelle oppgåver</b> - § 3-6 Beredskapsplan m.v.	Ja	Rådmannen
	<b>Kapittel 4: Sosiale tenester m.v.</b> <u>§ 4-2</u> Tenester a) praktisk bistand, opplæring, brukarstyrt personleg assistent b) avlastingstiltak c) støttekontakt d) plass i institusjon eller bustad med heildøgns omsorgsteneste e) omsorgsløn <u>§ 4-5</u> Mellombels bustad	Ja Ja	Rådmannen Rådmannen
	<b>Kapittel 4A: Rettstryggleik ved bruk av makt og tvang</b> - § 4A-4: Krav til førebygging (jamfør § 2-3)	Ja	Rådmannen

37.	SOSIALTENESTELOVA AV 13.12.91 NR 81	Høve til delegering	Delegert til
	<b>Kapittel 5</b> - Økonomisk sosialhjelp - Lån - Garantiar	Ja Ja Ja	Rådmannen Rådmannen Rådmannen
	- Satsar knytt til sosiallova	Ja	Formannskapet
	<b>Kapittel 6</b> Tiltak for rusmiddelmissbrukarar	Ja	Rådmannen
	<b>Kapittel 7:</b> - § 7-6 Inntak til og utskrivning frå institusjon – bustad - § 7-11 Rettar i samband med opphald i institusjon (dersom institusjon i kommunen)	Ja Ja	Rådmannen Rådmannen
	<b>Kapittel 8:</b> - § 8-5 a Oppretting av klientutval	Nei	
	<b>Kapittel 11:</b> - § 11-2 (jamfør forskrift kap 8) Retten kommunen har til å krevje vederlag hos den som mottok ytingar	Ja	Rådmannen
38.	2.2.38 DEN NORSKE STATS HUSBANK AV 01.03.46		
	- Lån og tilskotsordningar	Ja	Rådmannen
39.	2.2.39 LOV OM HELSETENESTA I KOMMUNANE AV 19.11.82 NR. 66		
	- § 2-4 første ledd, jamfør § 2-1 Klage på helsehjelp	Ja	Klagenemnd
	- § 4-1 Avtale om privat verksemd	Ja	Rådmannen
	- §§ 4a-1 og 4a-2 Miljøretta helsevern, definisjonar, føresegner, oppgåver (Jamfør § 4a-3)	Ja	Rådmannen
	- §§4a-4, 4. ledd, 4a-10, 4a-11 Stans, straff (jamfør også tobakkskadelov § 6)	Ja	Formannskapet
	- § 4a-8 (retting)	Ja	Rådmannen
	- § 4a-9 Tvangsmulkt	Ja	Formannskapet
	- § 4a-10 Stansing av verksemd	Ja	Formannskapet
	- § 4a-11 Påtale	Ja	Formannskapet
40.	2.2.40 LOV OM KOMMUNALE OG FYLKESKOMMUNALE ELDRERÅD AV 08.11.91 NR. 76		
	- § 1 Skiping av eldreråd	Nei	
	- § 2 Val og samansetting av eldreråd	Nei	
41.	2.2.41 LOV OM BARNEVERNSTENESTER AV 17.07.92 NR. 100		
	§ 2-1, 2. ledd: Om oppgåver til folkevald organ § 2-1, 3. ledd: Administrasjon (peike ut barnevernsleiar) Ansvaret for oppgåver etter Lov om barnevernstenester er lagt til leiar for barnevernstenesta	Ja Ja	Barnevernsleiar Rådmannen

42	2.2.42 ALKOHOLLOVA AV 02.06.89 NR. 27	Høve til delegering	Delegert til
	<b>Jamfør Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Vik kommune.</b>		
	<a href="#">§ 1-6</a> Løyveperiode (for ein bestemt del av året)	Ja	Formannskapet
	<a href="#">§ 1-7</a> Sals- og skjenkeløyve (i løyveperioden)	Ja	Formannskapet
	<a href="#">§ 1-7</a> Sals- og skjenkeløyve i einskilde høve	Ja	Rådmannen
	<a href="#">§ 1-7 c), 2. ledd</a> Godkjenning av styrar og stedfortredar	Ja	Rådmannen
	<a href="#">§ 1-7 d)</a> Kommunal alkoholpolitisk handlingsplan	Ja	
	<a href="#">§ 1-8, jf. § 1-12</a> Inndraging av løyve	Ja	Formannskapet
	<a href="#">§ 1-9</a> Kontroll av sals og skjenkeløyve	Ja	Rådmannen
	<a href="#">§§ 3-7 og 4-4</a> Fastsetjing av sals- og skjenketider, samt søknad om endring av desse	Ja	
	<a href="#">§ 4-2, 4. ledd</a> Utviding av skjenkelokale i einskilde høve	Ja	Rådmannen
	<a href="#">§ 4-4, 3. ledd</a> Utviding av skjenketid i einskilde høve	Ja	Rådmannen
	<a href="#">§ 4-5</a> Ambulerande skjenkeløyve: - oppretting av nye løyve - tildeling	Nei Ja	Rådmannen
	<a href="#">§ 7-1</a> Gebyr (jamfør forskrift om omsetjing av ...)	Ja	Formannskapet
	Forskrift om omsetjing av alkoholhaldig drikk Kap. 5 <a href="#">§§ 5.2 – 5.3</a> Kunnskapsprøve	Ja	Rådmannen
43	2.2.43 PLAN OG BYGNINGSLOVA 14.06.85 NR. 77 (Endringslov 05.05.95)		
	<b>Kapittel I:</b> - <a href="#">§ 8</a> Kommunestyret sine gjeremål etter: <a href="#">§§ 4, 9-1, 20-5, 27-1, 27-2, 27-3, 28-2, 30, 35 nr 2, 36, 37, 69 nr 4, 109 og 118</a> kan ikkje delegerast - <a href="#">§ 7</a> dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, reguleringsplan og utbyggingsplan	Nei Ja	Fast utval
	<b>Kapittel II:</b>		
	- <a href="#">§ 35 nr.1</a> (mynde til å føreta ekspropriasjon til gjennomføring av (vedteken) reguleringsplan	Ja	Vert ikkje delegert
	<b>Kapittel IX:</b> Krav om refusjon for veg, vatn og avløp	Ja	Rådmannen
	<b>Kapittel XI:</b>		
	- <a href="#">§ 63</a> Deling av eigedom i samsvar med vedteken plan	Ja	Rådmannen
	<b>Kapittel XVIII og XIX:</b> - Straffeansvar og ulovleg byggjearbeid	Ja	Rådmannen
	Andre reglar i plan- og bygningslova enn dei som er nemnde ovanfor - prinsipielle saker, eller saker der administrasjonen tilrår avslag - kurante saker	Ja Ja	Fast utval Rådmannen
	<b>Frå 1.7.2009 gjeld fylgjande i høve til plandel til ny plan og bygningslov (vedteke av kommunestyret i møte 23.9.2009:</b>		

	<p>Med heimel i kommunelova § 6 og § 10 nr. 3 delegerer kommunestyret slik avgjerdsrett etter lov om planlegging og byggesaksbehandling (plandel) til formannskapet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjera vedtak etter kap 13, midlertidig forbod mot tiltak.</li> <li>• Vera dispensasjonsstyresmakt etter § 19-4.</li> <li>• Vedta mindre reguleringsplanar i samsvar med kommunelova/plan og bygningslova sine reglar når planen er i samsvar med rammer i kommuneplanen sin arealdel, og det er mindre enn 4 år sidan den vart vedteken av kommunestyret, jfr. Plbl. § 12-12, 2. ledd.</li> </ul> <p>Formannskapet får vidare mynde til å førebu, tilrettelegga for og tilrå i saker som gjeld kommuneplan etter kap. 11. Kommunestyre sjølv skal behandla oppstartvedtak etter § 11-12, vedta planprogram etter § 11-13 og vedta kommuneplan etter § 11-15.</p> <p>Formannskapet får også mynde til å førebu, tilrettelegga for og tilrå i saker som gjeld reguleringsplan etter kap. 12, medrekna vedtak om planprogram etter § 12-9 og oppstart av planarbeid etter § 12-8.</p> <p>Barne- og ungdomsrepresentanten, som av kommunestyret er vald til å ivareta born og unge sine interesser i planarbeid, skal kallast inn til alle saker som gjeld kap. 11 og 12 i lova med møte- og talerett.</p> <p>Endring av delegasjonsreglementet gjeld frå 21.9.2009 og erstattar dei punkt i gjeldande delegasjonsreglement av 10.11.2008 som gjeld plan- og bygningslova, då med unntak av dei punkta i reglementet som gjeld byggesaksbehandling.</p>		
--	---	--	--

		Høve til delegering	Delegert til
44.	2.2.44 LOV OM EIGARSEKSJONAR AV 23.05.97 NR. 31		
	§§ 7 og 12 Løyve til seksjonering og reseksjonering	Ja	Rådmannen
	§ 7, 7. ledd Fastsetjing av gebyr - seksjonsringsgebyr - gebyr for målebrevskart, jamfør delingslova - gebyr for tinglysing av seksjoneringsbegjæring	Nei Nei Nei	
45.	2.2.45 BRANN OG EKSPLOSJONSVERNLOVA AV 14.06.2002 NR 20		
	- Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter vert delegert til rådmannen for vidare delegasjon til brannsjefen	Ja	Rådmannen
46.	2.2.46 VEGLOVA AV 21.06.63 NR. 23		
	- Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Ja	Rådmannen
47.	2.2.47 VEGTRAFIKKLOVA AV 18.06.65 NR. 4 OG FORSKRIFTER		
	- Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Ja	Rådmannen
48.	2.2.48 YRKESTRANSPORTLOVA AV 19.12.03 NR 132		
	- Mynde til å gje uttale på kommunen sine vegner i løyvesaker	Ja	Rådmannen
49.	2.2.49 LOV OM FORPAKTING AV 23.06.88		
	- Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Ja	Rådmannen
50.	2.2.50 LOV OM STADNAMN AV 18.05.90 NR. 11		
	- § 6 Fastsetjing av skrivemåte	Ja	Formannskapet
	- § 7 Gje uttale på vegner av kommunen	Ja	Formannskapet
51.	2.2.51 TOBAKKSKADELOVA		
	- § 6 Tilsyn - § 6 – 10. ledd Dispensasjonar	Ja	Rådmannen Formannskapet
52.	2.2.52 FORSKRIFT OM MILJØRETTA HELSEVERN I BARNEHAGAR OG SKOLAR		
	- § 25 Tilsyn	Ja	Rådmannen
53.	2.2.53 LOV OM DELING AV 23.06.78		
	- § 1-2, 3 ledd (avtale om felles styringsrett) - § 5-2 Fastsetje gebyr for kart- og delingsforretningar - Kap 1- 5 Kommunen sine oppgåver etter lova	Nei Nei Ja	Rådmannen
54.	2.2.54 LOV OM LAKSEFISKE OG INNLANDSFISKE AV 15.05.92 NR. 47		
	- Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Ja	Rådmannen

55.	2.2.55 LOV OM ARBEIDARVERN OG ARBEIDSMILJØ O2.04.77 NR 4 - PERSONAL	Høve til delegering	Delegert til
	- §4 Arbeidsgjevar (jamfør § 14 Arbeidsgjevar sine plikter).	Ja	Rådmannen
	- Oppretting og nedlegging av stillingar innanfor budsjettet sine rammer og føresetnader og dei retningsliner som kommunestyret fastset	Ja	Rådmannen
	- Tilsetjing av rådmann (Kommunelov § 22)	Nei	
	- Tilsetjing i andre stillingar	Ja	Rådmannen
	- Suspensjon	Ja	Rådmannen
	- Oppseiing (der rådmannen har tilsetjingsmynde)	Ja	Rådmannen
	- Avskil frå stillingar der rådmannen er delegert tilsetjingsmynde (AML § 66):	Ja	Rådmannen
	- Permisjonar (Permisjonsreglement)	Ja	Rådmannen
	- Vedta A-runskriv frå KS	Ja	Rådmannen
	Mynde til å tinga om / fastsetja løn i samband med alle tilsetjingar og tingingar etter HTA .	Ja	Rådmannen
56.	2.2.56 HOVUDAVTALE FOR KOMMUNE OG STAT		
	§ 13-1 a) Overordna/strategiske retningsliner for kommunen sin personalpolitikk	Ja	Adm-utval
	§ 14-2 Oppnemning av arbeidsgjevar representantar i arbeidsmiljøutvalet (AMU)	Ja	Rådmannen
	Arbeidsgjevar sine arbeidsoppgåver etter HA	Ja	Rådmannen
57.	2.2.57 ØKONOMI		
	<b>Fullmakter etter økonomireglement for Vik kommune (2.3.3)</b> I driftsbudsjettet å fordele kommunestyre si nettoramme innanfor rammeområde sentraladministrasjon (2.3.3. A)	Ja	Formannskapet
	Disponere meirinntekter inntil 300.000 kr på kvar funksjon (2.3.3 B)	Ja	Formannskapet
	Disponere avsett tilleggsøyving i årsbudsjettet (2.2.3. C)	Ja	Formannskapet
	Endring av investeringsbudsjett innan same tenesteområde / seksjon (2.3.3. D)	Ja	Formannskapet
	Disponering av øyremerka statstilskot (2.3.3. E)	Ja	Formannskapet
	Mynde til å avsetje 50 % av ledige driftsmidlar til disposisjonsfond (2.3.3 Avsetjingar)	Ja	Formannskapet
	Bruk av disposisjonsfondet innanfor eige rammeområde (2.3.3 Bruk av avsetjingar – ekstraordinære tiltak)	Ja	Formannskapet
	Bruk av bundne driftsfond innanfor fullmakt i vedtektene (2.3.3 Bruk av avsetjingar)	Ja	Formannskapet
	Overføring av budsjettsummar i investeringsbudsjettet til påfølgjande budsjettår (2.3.4)	Ja	Rådmannen
58.	2.2.58 ADOPSIJONSLOVA		
	- § 16, 2. og 3. ledd	Ja	Rådmannen

		Høve til delegering	Delegert til
59.	2.2.59 LOV OM TILSKOT TIL TRUSSAMFUNN		
	- § 19, 2. ledd – Tilskot til trussamfunn	Ja	Rådmannen
60.	2.2.60 LOV OM VERN MOT SMITTSAME SJUKDOMAR		
	Smittevernlova av 05.08.94 nr. 55	Ja	Rådmannen
	§ 7-1 Kommunen sine oppgåver	Ja	Rådmannen
	§ 7-2 Utpeiking av smittevernlege og vikar for denne		
61.	2.2.61 GRANNELOVA AV 16. JUNI 1961 NR 15		
	- Lov om rettshøve mellom grannar	Ja	Rådmannen
61.	2.2.62 LOV OM HAMNER OG FARVATN		
	- Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Ja	Rådmannen
63.	2.2.63 LOV OM KYRKJER, KREMASJON OG GRAVFERD		
	- § 9, 2. ledd (ta avgjerd ved usemje)	Ja	Rådmannen
	- § 9, 3. ledd (syte for gravferd)	Ja	Rådmannen
64.	2.2.64 LOV OM MATPRODUKSJON OG MATTRYGGLEIK AV 19.12.2003 NR 124		
	- Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Ja	Rådmannen
65.	2.2.65 PRODUKTKONTROLLLOVA AV 11.06.76 NR 79		
	- Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Ja	Rådmannen
66.	2.2.66 LOV OM HELSEMESSIG OG SOSIAL BEREDSKAP		
	- Vik kommune sitt mynde etter lova med tilhøyrande forskrifter	Ja	Rådmannen
67.	2.2.67 FORSKRIFT OM FORLIKSRÅD AV 16.12.05		
	- § 3 Utval av faste møtefullmektigar	Ja	Rådmannen
	- Utpeiking av møtefullmektigar		

68.	2.2.68 YMSE FULLMAKTER	Høve til delegering	Delegert til
	<b>Sal av kommunale eigedomar:</b> - Gjennomføring av sal av kommunale industriareal og –tomtar, kommunale bustadareal og –tomter, kommunale eigedomar i samsvar med rammer og fullmakter gjevne av overordna politisk organ.	Ja	Rådmannen
	<b>Mynde til utleige og oppseiing</b> - Rekne ut og krevje inn leige i samsvar med i samsvar med vedtekne retningslinjer / budsjett - Utleige av skular, barnehagar, kulturbygg, kulturanlegg og kommunale areal. - Kommunale bustader - Oppseiing av leigeavtaler	Ja Ja Ja Ja Ja	Rådmannen Rådmannen Rådmannen Rådmannen Rådmannen
	<b>Avtaler:</b> - Mynde til å inngå innkjøps- og driftsavtaler innafør driftsbudsjett. - Mynde til å underteikne på kommunen sine vegner i saker der rådmannen har avgjerdsrett (jamfør kommunelova § 9 nr 3) - Mynde til prioritetsvik / fråfalle kommunal pant - Kjøp og sal av tenester til fritids- og kulturliv til/frå andre kommunar m.m.	Ja Ja Ja Ja	Rådmannen Rådmannen Rådmannen Rådmannen
	<b>Tilskot:</b> - Fordele tilskot til politiske parti i samsvar med sentralt og kommunalt fastsette reglar - Avgjere søknader om produksjonstilskot i jordbruket (statleg tilskot) - Gje uttale til søknader om BU-midlar, SND-midlar, avløysartilskot v / sjukdom (Statleg tilskot)	Ja Ja Ja	Rådmannen Rådmannen Rådmannen
	<b>Uteståande krav:</b> - Mynde til å avskrive beløp opp til kr 50 000	Ja	Rådmannen
	<b>Byggherremynde:</b> - Mynde til å utføre byggherremynde ved kommunale bygg	Ja	Rådmannen
	<b>Utrangert utstyr:</b> - Mynde til å selje /avhende / kassere utrangert utstyr	Ja	Rådmannen

## 2.2 Val, oppnemningar og representasjon

Formannskapet vel medlemmer til alle styre, råd og legat der kommunen deltek.

Ordføraren har mynde til å oppnemna utsendingar til generalforsamlingar i selskap der kommunen har interesser. Ordføraren kan velje å møte sjølv.

## **Del 3 Iverksetjing:**

### ***3.1 Gjeldande reglement/vedtekter***

Alle tidlegare vedtekne reglement / vedtekter og retningsliner gjeld framleis. Dersom mynde i gjeldande reglement / vedtekter og retningsliner ikkje samsvarar, gjeld delegeringsreglementet framfor desse.